



En Til En Arkitekter As
Vaskerelven 8
5014 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3628 - 23/24111

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
01.06.2023

Igangsetjingsløyve for oppføring av einebustad med garasje og tilhøyrande utomhusanlegg, samt avkøyrsløve - gbnr 188/57 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 335/23
Tiltakshavar: Odd Eirik Haaland
Ansvarleg søkjar: En Til En Arkitekter As
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd, vert det gjeve løyve til igangsetting av oppføring av einebustad med garasje og tilhøyrande utomhusanlegg, samt opparbeiding av avkøyrsløve, på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 12.07.2022 med vilkår gjeld for tiltaket.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkøyrsløve.
3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av oppføring av ny einebustad og garasje med tilhøyrande utomhusanlegg, samt opparbeiding av avkøyrsløve på gbnr 188/57 Gjervik ytre. Kommunen har i vedtak av 12.07.2022 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteke den 23.03.2023.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 24.05.2023, og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Andre høve

Det ligg føre godkjend røyrleggjarmelding med omsyn til tilkopling til offentleg vatn, datert 24.05.2023, sak 23/3952 – 23/39709.

Godkjend ferdigmelding som gjeld tilkopling til offentleg avløp ligg føre, datert 08.04.2023, sak 21/1875 – 21/23408.

Det er ved ein inkurie ikkje gitt avkøyringsløyve ved rammeløyve datert 12.07.2022. men satt som vilkår før det vert gjeve igangsetjingsløyve. Avkøyringsløyve følger av gjeldande reguleringsplan, og administrasjonen stadfestar at eigendommen har avkøyringsløyve med heimel i pbl § 12-14.

Avkøyrslø skal opparbeidast i samsvar med revidert avkøyrsløplan datert 08.07.2022.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3628

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

En Til En Arkitekter As
Odd Eirik Haaland

Vaskerelven 8 5014
Breiviken 6 5042

BERGEN
BERGEN